

Strategiplan 2021-2025

Vedteken i høgskulestyret 09.09.2020



NLA
Høgskolen

Innhald

Satsingsområde	4
1. Styrkt forskning	4
2. Fleksible studium	4
3. Profilert samfunnskontakt	4
I. Føremål og historie	5
2. Nositasjon	6
2.1 Ein høgskule i vekst	6
2.2 Trendar og utviklingstrekk	6
2.3 Særlege utfordringar og moglegheiter for NLA Høgskolen	6
3. Aktivitetsområde	8
3.1 Forsking og utviklingsarbeid (FoU)	8
3.2 Utdanning	8
3.3 Formidling og samfunnskontakt	9
3.4 Organisasjon, internkultur og rekruttering	9
3.5 Miljø og berekraft	9



NLA Høgskolen

Strategiplan 2021–2025

Strategiplanen er samanfatta i tre satsingsområde som er forankra i føremålet og nositasjonen til NLA Høgskolen, og som reflekterer hovudoppgåvene i universitets- og høgskulelova (forskning, utdanning og formidling).

1. Styrkt forskning

NLA Høgskolen vil prioritere styrking av forskning og forskingskultur. Dette handlar om å rekruttere høgt kvalifiserte tilsette med klar verdiforankring og sterke forskingsambisjonar, om organisatorisk satsing på forskargrupper, om auka insentiv for publisering og større ressursbruk på administrativ støtte til forskning og arbeid med ekstern finansiering, og om praktisk tilrettelegging for å oppnå større kollegial merksemd om forskning i det daglege. Arbeid med å etablere eit ph.d.-program vil bli sett i gang tidleg i planperioden. Avdelingsbaserte, konkretiserte handlingsplanar for forskning skal også utarbeidast tidleg i perioden og leggje grunnlaget for det vidare arbeidet med forskning og forskingskultur.

2. Fleksible studium

NLA Høgskolen ønskjer framleis langsiktig vekst både kvalitativt og med fleire studentar og utvida studietilbod, men veksten må vere økonomisk berekraftig og balanserast mot behovet for å verne om eigenarten vår. Planperioden vil vere noko prega av konsolidering i så måte, men studietilbodet vil bli styrkt og meir fleksibelt gjennom vidare oppbygging av studium som allereie er etablerte, ved å tilby eksisterande emne og studium

på fleire studiestader, og gjennom nettstudium og auka satsing på internasjonale studentar.

Studia skal også styrkjast gjennom kontinuerleg arbeid med kvalitetssystemet, med innovativ bruk av nye læringssystem og med ny kommunikasjonsteknologi.

3. Profilert samfunnskontakt

Som akkreditert høgskule på eit kristent verdigrunnlag har NLA Høgskolen eit særleg ansvar for å få fram resultat av særpreget sitt gjennom formidling av forskning og utviklingsarbeid, gjennom samarbeid om studium og forskning med andre uh-institusjonar, og i andre former for ekstern samfunnskontakt. Med dette kan samfunnet bli tilført verdiar frå høgskulen samtidig som høgskulen får impulsar utanfrå og kan bli meir profilert og attraktiv for studentar og akademisk personale. Mange tiltak vil inngå i denne interaksjonen med samfunnet, men to tiltak blir prioriterte:

- 1) **langsiktig rekruttering av studentar og tilsette**, og
- 2) **internasjonalisering**, her forstått som internasjonalt fagleg samarbeid og internasjonalt medforfattarskap, vekt på internasjonale og globale spørsmål i studia, og auka studentutveksling.

Ut frå kristen tru og kristent livssyn skal NLA Høgskolen motivere til danning og kritisk tenking, og utfordre til aktivt engasjement for medmenneske og samfunn, nasjonalt og globalt.

1. Føremål og historie

Ut frå kristen tru og kristent livssyn skal NLA Høgskolen motivere til danning og kritisk tenking, og utfordre til aktivt engasjement for medmenneske og samfunn, nasjonalt og globalt. Føremålet med NLA Høgskolen er å fremje danning og dyktiggjere menneske til å møte lokale, nasjonale og globale utfordringar ut frå ei kristen forståing av natur, menneske, kultur og samfunn. Høgskulen tilbyr utdanning for alle, uavhengig av livssyn. Han er resultatet av ei samanslutning i 2013 av det som opphavleg var fire utdanningsinstitusjonar i Bergen, Oslo og Kristiansand, og som utvikla seg til anerkjende høgskular på kvar sine fagområde:

- Høgskulen i Staffeldts gate i Oslo hadde røtene sine heilt tilbake til 1916, med utdanning av emissærar og xetter kvart også musikarar som opphavlege hovudoppgåver.
- Norsk Lærarakademi for kristendomsstudier og pedagogikk i Bergen (NLA) starta opp i 1968 og utvikla seg raskt til høgskule med eksamensrett i begge desse faga.
- Journalistutdanninga ved Mediehøgskolen på Gimlekollen i Kristiansand, den einaste nordiske journalisthøgskulen med kristent verdigrunnlag, såg dagens lys i 1981.
- NLA Lærerhøgskolen blei etablert i Bergen i 1995.

Saman med studentane arbeider tilsette ved NLA Høgskolen kontinuerleg for å utvikle studium, forskning og formidling på nye måtar innanfor ramma av fagleg fridom og bruk av vitenskaplege og kunstnariske metodar og resultat.

Trua på at alle menneske er skapte i Guds bilete med ein uendeleg verdi, er grunnlaget som motiverer til nestekjærleik og omsorg for svake, og til ansvarleg ressursforvaltning. Samfunnet treng eit synleg, deltakande akademia som bidreg med brukbar kunnskap og kritiske perspektiv på utviklinga.

Samfunnsmandatet og kjerneaktiviteten til høgskulen er å gje relevant utdanning og forske med vekt på kvalitet, etisk medvit og kunnskap. Som utdanningsinstitusjon skal NLA Høgskolen løfte studentane ved å sjå den enkelte, lære dei å oppdage ansvaret sitt og gje dei dei verktøya og kunnskapane dei treng, til å forvalte dette ansvaret godt. Høgskulen samanfattar verdigrunnlaget sitt i eit enkelt motto: *Fordi nokon treng deg.*

Strategiplanen stakar ut kursen for perioden 2021–2025 og skildrar korleis NLA Høgskolen skal tilby utdanningar i eit studie- og forskingsmiljø som kan bidra til kunnskapsoppbygging og livskvalitet både for dei enkelte studentane og tilsette, og for samfunnet. Planen dannar grunnlaget for prioriteringar i møte med samfunnsendringar. Han skal også leggje føringar for det systematiske kvalitetsarbeidet i perioden. Dette skal bidra til at høgskulen når dei langsiktige måla sine, at roller og ansvar blir synleggjort, og at svake sider blir avdekte. Strategiplanen skal følgjast opp med ein årleg kvalitetsrapport. Han skal også danne utgangspunkt for fleire handlingsplanar som er omtalte i planen, og som skal konkretiserast i starten av perioden.

2. Nosituasjon

2.1 Ein høgskule i vekst

NLA Høgskolen er i sterk vekst, med ein stab av fagleg dyktige tilsette og ein geografisk struktur som gjev eit godt utgangspunkt for vidare utvikling i tre av dei største byane i landet. Sidan 2013 har talet på studentar auka med nærare 50 prosent og talet på tilsette med meir enn 40 prosent.

Høgskulen har ein storleik og ei utforming av studie-stadene sine som gjev nærleik til studentane, og samtidig ei fagleg breidd som gjev høve til tverrfaglege tilnærmingar til mange problemstillingar.

2.2 Trendar og utviklingstrekk

Tre ulike utviklingstrekk i samfunnet verkar spesielt relevante for strategiplanen. Det første er at samfunnet er prega av sekularisering. Det gjer at NLA Høgskolen med det kristne særpreget sitt i større grad vil bidra til institusjonelt mangfald i uh-sektoren. Målet er å tilby studium som fremjar danning i barnehage, skule, høgare utdanning og samfunnsliv for å forbetre tenking og praksis, leggje fram eksistensielle og verdimelessige perspektiv på livsverda til barn og vaksne, og gje hjelp til å forstå vår tid i lys av kristen-humanistisk tenking og trustradisjonen som NLA Høgskolen er ein del av.

Det andre utviklingstrekket er at universitets- og høgskulesektoren er prega av større einingar. Med den moderate storleiken sin bidreg høgskulen også her til institusjonelt mangfald. Utviklinga mot større einingar materialiserer seg som krav til talet på studentar, mangfald i studietilbodet, prosentdel tilsette med første-kompetanse og profesjonalitet i det administrative støtteapparatet.

Det tredje utviklingstrekket er globalisering og store endringar på kort tid. I møte med dette trengst det fleksibilitet og stadig ny innsikt. For høgare utdanning er det interessant at det vil bli mindre tradisjonell klasseromsundervisning. Meir formidling og meir kommunikasjon mellom studentar, og mellom lærarar og studentar, vil skje digitalt. Dessutan aukar behovet for etter- og vidareutdanning fordi ein større del av innbyggjarane tek høgare utdanning, samtidig som mange sektorar i arbeidsmarknaden er i rask endring.

Prioriteringane til NLA Høgskolen mellom alternative studietilbod, forskningssatsingar og formidlingstiltak blir vurderte kontinuerleg i lys av denne utviklinga.

2.3 Særlege utfordringar og moglegheiter for NLA Høgskolen

Tilsettrekuttering er ei utfordring for heile uh-sektoren, men ikkje minst for ein privat høgskule som treng høgt kvalifisert vitskapleg tilsette som også blir motiverte av særpreget til høgskulen. Dette aukar behovet for arbeid med systematisk rekruttering. Ei meir internasjonal orientering kan opne nye og spennande moglegheiter for meir internasjonal rekruttering.

Høgskulen har stort innslag av utdanningar og fagmiljø som historisk er meir undervisningskrevjande enn gjennomsnittet. Fleire av fagmiljøa har framleis lågare forskingsproduksjon enn det ein bør kunne forvente. Styrking av forskinga og forskingskulturen står som ei viktig utfordring i ein periode som etter alt å dømme vil innehalde mange nyttilsetjingar.

Potensialet for vekst gjennom satsing på marknadsføring og synlegheit varierer mellom avdelingane og studia. Undersøkingar viser at studia og fagmiljøa i ulik grad er kjende i arbeidsmarknaden. Lærarutdanningane i Bergen, musikkutdanninga i Oslo og journalistikkutdanninga i Kristiansand er godt kjende og til dels høgt anerkjende i skulesektoren, musikkmiljøet og mediebransjen. Dei nyare økonomistudia ved Hauge School of Management er derimot lite kjende i næringslivet.

Behovet for vidareutvikling av etter- og vidareutdanningstilbodet i lys av samfunnsendringane som er kommenterte tidlegare, representerer store vekstmoglegheiter. Studentmiljøet er godt, men studentane brukar mindre tid på studia enn gjennomsnittet i sektoren. Det kjem i stor grad av at studieporteføljen er prega av studium der studentinnsatsen også er låg ved andre institusjonar. Inntektsbehovet til studentane kan også spele ei rolle. Uansett årsak er det ei utfordring å få studentane til å prioritere studia høgare og å auke gjennomstrøyminga og kandidatproduksjonen.



Utdanning med
mening

FOOD AND UNITY

3. Aktivitetsområde

Arbeidet med dei tre hovudoppgåvene i uh-lova – forskning, utdanning og formidling – krev ein god organisasjon og internkultur. Dessutan må høgskulen ta tak i miljøkrav og ta del i ansvaret for berekraftig utvikling på samfunnsnivå. I så måte kan ein sjå på arbeid med intern organisasjon og eksterne miljøproblem som to aktivitetsområde i tillegg til dei tre hovudoppgåvene. Planlagde mål og verkemiddel for alle desse fem aktivitetsområda er omtalt nedanfor.

3.1 Forsking og utviklingsarbeid (FoU)

NLA Høgskolen skal ha ei offensiv haldning til forskning og utviklingsarbeid som speglar verdigrunnlaget og føremålet med institusjonen, og som er basert på prinsipp om akademisk fridom og forskingsfridom. Forskingsmiljøa skal styrkjast slik at høgskulen blir ein meir attraktiv samarbeidspartnar nasjonalt og internasjonalt.

Forskargrupper

- Den nyetablerte forskargruppestrukturen ved høgskulen skal konsoliderast organisatorisk.
- Alle vitenskapleg tilsette skal knytast til stabile forskargrupper som i tillegg til å stimulere den enkelte til forskning også skal gje trening i forskingsleiing og i å knyte seg til forskarnettverk.

Eksterne forskingsmidlar

- Ressursar til FoU-administrasjon som kan hjelpe fagmiljøa i forskinga og i å hente inn forskingsmidlar frå nasjonale og internasjonale forskingsprogram, skal aukast meir enn til andre aktivitetar.
- Talet på eksternt finansierte stipendiatar skal aukast meir enn gjennomsnittet i uh-sektoren. Forskar-kompetanse.
- Ein handlingsplan for kompetanseheving i dagens vitenskaplege stab skal utarbeidast i første del av planperioden.
- Tilsette skal stimulerast til å auke forskingskompetansen ved satsing på mentorordningar, metode- og skrivekurs, internt meritterande utviklingsoppgåver, deltaking i eksterne forskarnettverk og prosjekt, og utdanning innanfor forskingsleiing. Forskingsproduksjon.

- Arbeid med å styrkje den meritterande forskingsproduksjonen skal prioriterast høgt i alle fagmiljø.
- Forskingsproduksjonen skal i løpet av perioden hevast til gjennomsnittet for private og statlege høgskular.
- Prosentdelen nivå 2-publikasjonar skal aukast opp mot gjennomsnittet for uh-sektoren.
- Omfanget av internasjonalt medforfattarskap skal aukast vesentleg frå dagens nivå.

Forskingskultur

- Det skal lagast avdelingsbaserte handlingsplanar for styrking av forskning og forskingskultur.
- Forventningane til FoU-tid skal gjerast tydelege på avdelingsnivå.
- Forskingsinnsats skal stimulerast med insentiv frå høgskulen sentralt og på avdelingsnivå.
- Resultata av forskning og utviklingsarbeid skal kome fram gjennom formidling internt og eksternt.

Ph.d.-program

- Det skal arbeidast fagleg og politisk med tanke på finansiering og etablering av eit ph.d.-tilbod i perioden, truleg i samarbeid med VID vitenskapelige høgskole og eventuelt andre private høgskular.
- Samtidig som utdanningsporteføljen framleis skal speglast i ein brei forskingsproduksjon, vil denne satsinga på ph.d.-program naturleg føre til ei noko sterkare fagleg spissing av forskingsmiljøet enn det vi ser i dag.

3.2 Utdanning

Studietilbod

NLA Høgskolen siktar framleis mot eit breitt studie-tilbod med attraktive studium og fagmiljø som oppfyller akkrediteringskrav, og der verdigrunnlaget til høgskulen blir reflektert på måtar som er tilpassa kvart enkelt studium.

- Studieporteføljen skal vurderast kontinuerleg, men målet er å vidareføre han i om lag same faglege breidd som no.
- Det er eit mål å utvide studia og fagmiljøa ved at eksisterande studium blir tilbydde på fleire studie-stader.

- Sårbare masterprogram og bachelorstudium med fallande søkjartal skal konsoliderast med særskilde tiltak og auka samarbeid på tvers av campus- og avdelingsgrenser.
- NLA Høgskolen skal styrkjast som nasjonal aktør ved vidareutvikling av nettstudium, fleksible studium med tanke på studieprogresjonen til studentane, og auka satsing på etter- og vidareutdanning.
- Det er eit mål å auke talet på nettstudentar til omtrent 500 totalt.

Internasjonalt engasjement

Det globale perspektivet skal styrkjast i alle hovudaktivitetar ved høgskulen gjennom fleire tiltak:

- I alle studieprogram skal studentane få og omarbeide internasjonale impulsar.
- Det skal etablerast fleire nettstudium som er retta mot internasjonale studentar, og høgskulen skal ha fleire utvekslingsstudentar.
- Talet på internasjonale oppdrag og prosjekt skal aukast.
- Målet er å auke talet på studentar i utvekslingsprogram til 20 prosent.
- Eksternfinansierte internasjonale oppdrag skal vidareførast på minst 2020-nivå, og minst eitt nettbasert studium med internasjonal målgruppe skal etablerast.

Studiemiljøet

- Alle studium skal ta opp i seg danningperspektiv gjennom skildringane av læringsutbytte på programnivå og meir spesielle tiltak som er tilpassa det enkelte studiet.
- Studiemiljøet skal vidareutviklast med vekt på fagleg kvalitet, samarbeid og respekt for livssynet til den enkelte.
- Studia skal vere kjenneteikna av høg kvalitet og klare krav til studentane.
- Det skal setjast i verk tiltak som gjer at studentane opplever å bli tekne vare på og får god fagleg oppfølging, og høgskulen skal skåre høgt i nasjonale undersøkingar om dette, særleg på indikatorar for studentengasjement, involvering og arbeidslivsrelevans.

3.3 Formidling og samfunnskontakt

- Fagleg formidling ut til samfunnet i form av føredragsverksemd, kronikkar og andre bidrag til det offentlege ordskiftet skal gjere høgskulen meir synleg og styrkje omdømmet til skulen.

- Det skal arbeidast aktivt for å skape gode relasjonar til framtidige studentar og tilsette, eigarorganisasjonane og media.
- Formidlingsaktivitet skal stimulerast gjennom interne premieringiltak.
- Formidling og synlegheit i media skal aukast med 25 prosent ut frå vanlege rapporteringsmål i Cristin-databasen.

3.4 Organisasjon, internkultur og rekruttering

- Organisasjonsplanen til NLA Høgskolen skal reviderast i starten av perioden, særleg med mål om å styrkje dei vitskaplege avdelingane og samarbeidet mellom campusar og avdelingar.
- Ein langsiktig handlingsplan for rekruttering av studentar og av tilsette som blir motiverte av føremålet med høgskulen, skal utarbeidast i første del av perioden.
- Arbeid med studentrekruttering skal skje i samarbeid med eigarorganisasjonane og dra nytte av skule- og ungdomstilbodet deira.
- Faglege nettverk som blir utvikla gjennom auka satsing på internasjonalisering av studium og forskning, skal nyttast i satsing på auka internasjonal rekruttering.
- Meirkostnader til nye campusar skal i størst mogleg grad finansierast av effektivisering som ikkje rammur faglege aktivitetar.

3.5 Miljø og berekraft

Omsyn til miljø og berekraft omfattar både materielle og immaterielle verdiar, og kjem til uttrykk i det kristne forvaltaransvaret i verdigrunnlaget til NLA Høgskolen. Dette bidreg til trygg og stabil samfunnsutvikling, og berekraft og miljø skal også stå sentralt i studia til høgskulen og FoU-arbeid.

- Danningperspektiv og etikk, inkludert berekraft og miljø, skal inngå i skildringa av alle studium.
- Nybygg i Oslo og Bergen skal ha miljøvennlege løysingar og vere miljøsertifiserte etter BREEAM-standard. Nye, funksjonelle lokale gjev vesentleg reduksjon av energiforbruk og miljøbelastning, og kan dessutan bidra til eit positivt omdømme. Totalt energibruk for alle campusar i 2025 skal reduserast med 50 prosent målt mot forbruket på dei eksisterande campusane.
- NLA Høgskolen skal ha ein vesentleg forbetra miljøprofil og fram mot 2025 ha redusert utslepp gjennom reiseaktivitet til eit vesentleg lågare nivå enn før koronapandemien.





Pb 74 Sandviken
5812 Bergen

Bergtoras vei 120
4633 Kristiansand

Pb 7153 St. Olavs plass
0130 Oslo

tel: 55 54 07 00
e-mail: post@nla.no